

## Namn på skulen: Bømlo vidaregåande skule

Tal elevar skuleåret 2016/17: 304 (329 med vaksenopplæring)

**1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring****Skulen si vurdering i lys av:**

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Prosentdel sluttarar

**1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag**

2015/16	86,15
2016/17	76,59

**1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen**

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	2,54	2,45
	2016/17	0,7	1,29
Termin 2/standpunkt	2015/16	0,86	1,93
	2016/17	0,71	0,79
Eksamen	2015/16	3,72	
	2016/17	4,2	

**1.3 IV grunna høgt fråvær 2016/17**

Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 1	14
Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 2/standpunkt	8
<i>Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fråværgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?</i>	
Positivt for elevane si læring. Lærarane har klart å praktisere dette på ein god måte.	
<i>Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?</i>	
Elevar med IV i termin 1 har me følgd tett opp – samarbeid med elev, føresette og andre utaførståande etatar.	

**1.4 Gjennomsnittleg fråvær**

2015/16	timar	15,1
	dagar	8,8
2016/17	timar	8,96
	dagar	4,63

**1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10**

2015/16	5
2016/17	3,95

**1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»**

Kor mange elevar er registrerte med avbrotskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?  
2 elevar; omsorg for barn og familie – var ikkje tid til skule.

**1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18**

**Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?**

At ¼ del av våre elevar ikkje kjem ut med bestått er ein tankevekkjar for oss. Matematikk (Påbygg – 2 klassar dette året) merkar seg ut som det faget kor flest opplever stryk. Her har me som skule ei utfordring som me må/ønskjer å gjera noko med.

Utviklingsplan:

Ligg under tiltak i utviklingsplan – må konkretiserast meir.

Kartlegging – ogå i Påbygg. Bruke vegleiingsmateriell.

Eksamensførebuande gruppe for dei som stryk – før ny prøve.

Har ikkje slått saman matematikk i yrkesfag – enda. Kan bli tvungen til å gjera det av økonomiske omsyn – som me er bekymra for vil føra til ytterlegare auke i stryk?

Skulen og lærarane må nå målgruppa – vera medviten det når me lagar tilbod.

**Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?** Skulen har utarbeid rutinar for korleis vi tek imot elevane som kjem frå dei ulike ungdomskulane.

- Kvar elev får tildelt sin pult – treng ikkje finne ut kor ein skal sitje i klasserommet på første skuledag
- Startsamtale med oppfølgingssamtale v/kontaktlærer (behov som kjem fram i denne samtalen vert teke opp i klasselærarråd og evt. i ressursteam.
- Rask oppmelding til helsesøster der det kjem fram vanskar i samband med startamtalen
- KOM-gruppe (Kvardagslivstrening og motivasjon) i regi av Familietenesta i Bømlo kommune
- VIP makkergrupper
- Skulen har utarbeid rutinar ved udokumentert fråvær
- Skulen har utarbeid rutinar mot mobbing og rusproblematikk
- Skulen fokuserer på førebyggjande arbeid

Overføringsmøter for elevar som slit.

**Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?**

Psykisk helse, psykososiale vanskar, familie, mangel på motivasjon i Påbygg for elevar som primært ynskjer læreplass.

**Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?**

Det har fått konsekvensar som har resultert i punkta nemnd over (rutinar for skulestart, fråvær, psykososialt arbeid mm.)

## 2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnlagt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

### 2.1 Utviklingstiltak – Vurdering for Læring VFL

Vurdering av elevane si læring -VFL

*Kva var målet med tiltaket?*

BØV har ein kultur for samarbeid og deling av kompetanse i det daglege arbeidet som styrker eleven sitt læringsmiljø og den fagleg pedagogiske fellesskapen.

Fleire elevar fullfører.

Vurdering skal føra til auka læringsutbytte for eleven.

Skulen sin vurderingspraksis er kunnskapsbasert og fokusert på eleven si læring.

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

Heile personalet har deltatt i MOOC (skulebasert vurdering for læring) i regi av Høgskulen på Lillehammer.

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Eit ønske om å ha vurdering i fokus; elevane er opptatt av rettferd – det er viktig at lærarane og skuleleiinga har felles oppfatning av vurdering.

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

Bruk av fellestid for heile personalet til felles gjennomgang og arbeidsgrupper.

#### 2.1.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Dette har vore gjennomført i regi av leiinga – lagt inn i planlagt bunden tid og planleggingsdagar.

#### 2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Ja – me vågar å prøve ut – og me gjev kvarandre gode tips til å prøve ut nye måtar å vurdere på.

#### 2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Me har god måloppnåing – må få dette til å bli etablert og bruke over tid – først då er me heilt i mål.

#### 2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Godt og strukturert opplegg frå Høgskulen på Lillehammer. At det har dratt ut i tid for å gjennomføre det her er noko me ikkje hadde ønskje om. Men me har tatt det på alvor og

gjennomført det på ein måte som me opplever som skikkeleg. Dette vert ikkje slutta no. No må me som skule bere det vidare sjølv.

## 2.2 Utviklingstiltak – VIP-makkerskap

### *VIP-makkerskap*

#### *Kva var målet med tiltaket?*

Trygghet for eleven i skulekvardagen – motverka mobbing og auka læringsutbytte.

#### *Gi ein kort omtale av tiltaket.*

Læraren skaper trygge rammer for klassen gjennom systematisk bruk av VIP.

#### *Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Ønskje om å ha ein fastare struktur om arbeidet med klasseleiing.

#### *Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

Alle elevar på skulen har vore med på dette – men mest systematisk i Vg1. Frå Vestre Viken helseforetak via HFK sitt mobbeombod og kurs i Skulestart juni 2016. Føl eit hefte frå Vestre Viken.

### 2.2.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Avdelingsleiarar har følgd opp kontaktlærer og det har vore tema i Ressursteam.

### 2.2.2 Ser skulen endra praksis som følge av utviklingsarbeidet?

Elevane blir tryggare – får meir forståing for kvarandre ved at dei blir kjent med og jobbe med alle i klassen. Difor blir det auka trygghet for enkelteleven.

### 2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

I dei klassane som har fått dette godt til så er det positive tilbakemeldingar frå elevane.

### 2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Dette var første år – me vil at alle klassar skal få vere med på dette.

### 3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

**3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Tema i fellestid, planleggingstid fordelt gjennom året.

**3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?**

Gruppearbeid med oppgåver – har tatt inn svar frå gruppene.

**3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

Dette vert gjort organisert i tid kor alle er til stades.

**3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?**

Vert presentert i elevråd og sak på Skulemiljøutval. Elevråd har fått kome med innspel.

**3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?**

Avgrensinga i fellestid – som skal brukast til mykje anna og. Tid ser me er eit utfordring.

**3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.**

Er eit verktøy når me startar vårt arbeid – og me meiner me er godt innafor dei forventningane.

### 4 Ope felt - valfritt

*Ope felt for skulen til å rapportere på valfritt tema.*

Elevar som får reise på ekskursjon til utlandet har stort fagleg og menneskeleg utbytte av dette. Dette er eit fakta – og difor er det eit ynskje frå leiinga ved skulen å leggje til rette for å gjennomføre utanlandsturar.